



FUSA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret	
Møtestad:	Fusa vdaregåande skule, Eikelandsosen	
Møtedato:	17.12.2015	Tid: 09:00 – 17:00

Innkalling til møtet vart gjort 27.11.15 i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i skriv av 07.12.15, lagra ut elektronisk på iPad og heimesida.

Møtet vart kunngjort i ei avis og på heimesida.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Agnete D. Årvik, Anne-Grethe Gjerdevik, Hans Ekeberg, William Lindborg, Helge Mjånes, Ap

Magne Djuvik, Frp

Aud May Boge, Lars Erik Dalland, Ranveig Næss, H

Bjarte Samnøy, Toralv Huse, Krf

Svein Lang, Mikal Leigland, Peter-Hans de Zwarte, Richard Markhus, Jan Birger Landøy,

Margunn Y. Samnøy, Sp

Gustav Folkestad, V

Roger Hoel, uavhengig representant

Forfall og møtande varamedlemer:

Kristine Hjartnes, Frp, hadde forfall. For henne møtte Carl Johan Haugen, Frp, som vararepresentant.

Inhabilitet og møtande varamedlemer

Ordførar Atle Kvåle, Ap, var inhabil i sak nr 57/15. For han møtte Egil Riise, Ap, som vararepresentant.

Margunn Y. Samnøy, Sp, var inhabil i sak nr 57/15. For henne møtte Haldor Tuft, Sp, som vararepresentant.

Gustav Folkestad, V, var inhabil i sak nr 57/15. For han møtte Nina Laupsa, V, som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand. Inhabil i sak nr 57/15.

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar undervisning Anne-Merete Hellebø

Einingsleiar barnehage Irene Kvåle Foer

Einingsleiar pleie og omsorg Gro E. Almås

Frå kl 12.00:

Spesialrådgjevar Anne Lise Aaseng

Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard

Einingsleiar teknisk drift Øystein Havsgård

Einingsleiar Anne Skagseth ved orientering om flyktningtenesta og frå kl 12.00
Flyktningkoordinator Knut Venge ved orientering om flyktningtenesta.
Rektor Tor J. Hjertnes ved orientering om Fusa vidaregåande skule.

Orienteringar

Einingsleiar Anne Skagseth og flyktningkoordinator Knut Venge orienterte og svara på spørsmål om status i flyktningarbeidet.
Rektor Tor J. Hjertnes orienterte om status for Fusa vidaregåande skule.

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Saklista vart samrøystes endra:

Sak nr 57/15 vart handsama etter sak nr 62/15. Sak nr 56/15 vart handsama til slutt i møtet.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet med unntak av sak nr 57/15 der han var inhabil.

Varaordførar Magne Djuvik, Frp, leia møtet i sak nr 57/15.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 23.12.15

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
053/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTA 15.10.15, 22.10.15 OG 12.10.15
054/15	Skulestrukturen i Fusa kommune
055/15	Prioritering av spelemidler 2016
056/15	HANDLINGSPLAN FUSA KOMMUNE. ØKONOMIPLAN 2016 - 2019. ÅRSBUDSJETT 2016 MED AVGIFTSBUDSJETT.
057/15	Søknad frå ASVO Fusa AS om kommunal garanti for lån og auka driftsstøtte
058/15	BRUK AV UTBYGGINGSAVTALAR I FUSA KOMMUNE
059/15	POLITISK MØTEPLAN 2016
060/15	SØKNAD OM UTVIDA UTESERVERING - SKJENKELØYVE - SKJELBREID PO(REE AS I PERIODEN 20.12.15 - 30.06.16
061/15	HANDSAMING AV KLAGE PÅ VEDTAK - INNFØRING AV OFFISIELLE ADRESSER MED VEGNAMN
062/15	SØKNAD OM FRITAK FRÅ STYREVERV I A/S SAMBYGG

053/15: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTA 15.10.15, 22.10.15 OG 12.10.15

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møta 15.10.15, 22.10.15 og 12.10.15 vert godkjende.

17.12.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Det er møteprotokoll frå 12.11.15 som er sendt ut til godkjenning.

Lars E. Dalland, H, fremja følgjande forslag til vedtak:
Møteprotokoll frå møta 15.10.15 og 22.10.15 vert godkjende.

Det var kome inn følgjande merknad til protokollen frå 22.10.15; frå Margunn Y. Samnøy:
«Har merknad til møteprotokoll 22.10.2015
I sak 050/15: Val av valnemnd 2015-2019.

Det rette vedtak er :

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:
Gruppeleiarar frå alle parti og ordførar er valnemnd. (Deretter la han til at alle parti måtte snarast melda inn kven som var gruppeleiar for dei ulike parti).

Underteikna fylde nøye med då dette vart føreslått. Varaordførar vart ikkje nemnd.

Hadde det blitt foreslått ville eg protestert.

Går ein tilbake til sak 050/15 under faktiske opplysninger, så står det:

I 2011 var gruppeleiarane og ordførar valnemnd.

I 2007 vart gruppeleiar eller ein annan representant for kvar partigruppe oppnemnt som valnemnd i tillegg til ordførar.

Altså dei to siste periodane har det vore praksis at gruppeleiarane og ordførar utgjer valnemnd.

Underteikna meiner det er heilt urimeleg at varaordførar partiet skal vera representert med to representantar i ei valnemnd og hadde aldri stemt for det i kommunestyret. Det er viktig at det som blir sagt og stemt over stemmer overens med møteprotokollen.

Ber om at dette blir retta opp.»

Ordførar Atle Kvåle, Ap, ba om at ein voterte pr protokoll:

Møteprotokollen frå 15.10.15 vart samrøystes godkjent.

Møteprotokollen frå 22.10.15:

Margunn Y, Samnøy, Sp ba om at merknaden vart lagt ved som protokolltilførsel frå henne:

Møteprotokollen frå 22.10.15 vart samrøystes godkjent.

Merknaden motteke Margunn Y, Samnøy, Sp vart lagt ved som protokolltilførsel frå henne:

Godkjenning av møteprotokollen frå 12.11.15 vart samrøystes utsett til neste møte.

KOM-053/15 VEDTAK:

Møteprotokollen frå 15.10.15 vart godkjent.

Møteprotokollen frå 22.10.15 vart godkjent.

Merknaden motteke Margunn Y, Samnøy, Sp vart lagt ved som protokolltilførsel frå henne:

«Har merknad til møteprotokoll 22.10.2015

I sak 050/15: Val av valnemnd 2015-2019.

Det rette vedtak er :

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande forslag:

Gruppeleiarar frå alle parti og ordførar er valnemnd. (Deretter la han til at alle parti måtte snarast melda inn kven som var gruppeleiar for dei ulike parti).

Underteikna fylde nøye med då dette vart føreslått. Varaordførar vart ikkje nemnd.

Hadde det blitt foreslått ville eg protestert.

Går ein tilbake til sak 050/15 under faktiske opplysninger, så står det:

I 2011 var gruppeleiarane og ordførar valnemnd.

I 2007 vart gruppeleiar eller ein annan representant for kvar partigruppe oppnemnt som valnemnd i tillegg til ordførar.

Altså dei to siste periodane har det vore praksis at gruppeleiarane og ordførar utgjer valnemnd.

Underteikna meiner det er heilt urimeleg at varaordførar partiet skal vera representert med to representantar i ei valnemnd og hadde aldri stemt for det i kommunestyret. Det er viktig at det som blir sagt og stemt over stemmer overens med møteprotokollen.

Godkjenning av møteprotokollen frå 12.11.15 vart utsett til neste møte.

.....

054/15: Skulestrukturen i Fusa kommune

Framlegg til vedtak:

1. Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune inndeling i noverande skulekrinsar.. Forskrift om oppheving av skulekrinsar vert lagt ut på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna høyringsframlegget.
2. Endring i skulestrukturen vert gjennomført i to trinn:
 - a. Skulane Holdhus og Eikelandsosen vert slått saman til ein skule med skulestad Eikelandsosen. Skulane Strandvik og Fusa vert slått saman til ein skule med skulestad Fusa frå skolestart 2016.
3. Økonomiske konsekvensar vert innarbeidde i budsjett og økonomiplan.

SFO- tilbodet må innan 1.03.16 tilpassast den nye skulestrukturen.

Følgjande saker vert lagt fram i formannskapet den 13.04.16 og i kommunestyret den 27.04.16:

1.Skulestruktursaka (trinn 2)

2.Organisering av barnehagar og SFO

17.12.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Jan Birger Landøy, Sp, stilte spørsmål om han var inhabil. Han er sambuar med Heidi Baldersheim, - rektor på Strandvik skule. Han opplyste at han ikkje kjende seg inhabil. Han gjekk frå og Marianne Borge, Sp, tok plass i møtet som vararepresentant.

Gustav Folkestad, V, stilte spørsmål om han var ugild. Kona hans arbeider som tilkallingsvikar i eining for undervisning innan reinhald. Han gjekk frå og Nina Laupsa, V, tok plass i møtet som vararepresentant..

J.f. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 2.ledd

Jan Birger Landøy, Krf, vart samrøystes kjend habil og tok plass i møtet. Gustav Folkestad vart samrøystes kjend habil og tok plass i møtet.

På vegne av Høgre, Senterpartiet og uavhengig fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande felles framlegg:

Viser til høyringsuttalelsane og Agenda Kaupang sin uttalelse om allmenn aksept for å gjennomføra struktur endring.

Høgre, Senterpartiet og uavhengig tar høyringsuttalelsane og Agenda Kaupang rapporten til etterretning og kan ikkje støtta endring av struktur.

Dagens barnehage- og skulestruktur vert oppretthalden.

Tilrådinga frå formannskapet var vedteke med 11 røyster. (6 Ap, 2 Frp, 2 Krf, 1 V)
Framlegget frå Margunn Y. Samnøy fekk 10 røyster. (3 H, 6 Sp, 1 uavhengig)

Alternativ B:

4. Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune inndeling i noverande skulekrinsar.. Forskrift om oppheving av skulekrinsar vert lagt ut på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna høyringsframlegget.
5. Endring i skulestrukturen vert gjennomført i to trinn:
 - a. Skulane Holdhus og Eikelandsosen vert slått saman til ein skule med skulestad Eikelandsosen. Skulane Strandvik og Fusa vert slått saman til ein skule med skulestad Fusa frå skolestart 2016.
6. Økonomiske konsekvensar vert innarbeidde i budsjett og økonomiplan.

SFO- tilbodet må innan 1.03.16 tilpassast den nye skulestrukturen.

Fylgjande saker vert lagt fram i formannskapet den 13.04.16 og i kommunestyret den 27.04.16:

1.Skulestruktursaka (trinn 2)

2.Organisering av barnehagar og SFO

KOM-054/15 VEDTAK:

1. Med verknad frå 01.08.2016 opphevar Fusa kommune inndeling i noverande skulekrinsar.. Forskrift om oppheving av skulekrinsar vert lagt ut på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna høyringsframlegget.
2. Endring i skulestrukturen vert gjennomført i to trinn:
 - a. Skulane Holdhus og Eikelandsosen vert slått saman til ein skule med skulestad Eikelandsosen. Skulane Strandvik og Fusa vert slått saman til ein skule med skulestad Fusa frå skolestart 2016.
3. Økonomiske konsekvensar vert innarbeidde i budsjett og økonomiplan.

SFO- tilbodet må innan 1.03.16 tilpassast den nye skulestrukturen.

Fylgjande saker vert lagt fram i formannskapet den 13.04.16 og i kommunestyret den 27.04.16:

1.Skulestruktursaka (trinn 2)

2.Organisering av barnehagar og SFO

.....

055/15: Prioritering av spelemidler 2016

Framlegg til vedtak:

Fusa kommune vil prioritera søknader om spelemidler slik for 2016:

Ordinære idrettsanlegg

Prioritet	Anleggtype	Stad	Søklar	Søknadsår
1	Ombygging av rulleskibane	Holdhus	Fusa kommune	4.
2	Krøllgras med lys 11-bane	Eikelandsosen	Eikelandsfjorden IL	3.
3	Idrettshall - hovudbygg	Eikelandsosen	Fusa kommune	ny
4	Idrettshall-styrketreningsrom	Eikelandsosen	Fusa kommune	ny
5	Idrettshall-sosialt rom	Eikelandsosen	Fusa kommune	ny
6	Krøllgras med lys 7-ar	Holmefjord	Ådlandsfjorden IL	ny
7	Ridebane	Strandvik	Fusa hestesportlag	ny

Nærmiljøanlegg:

Prioritet	Anleggtype	Stad	Søklar	Søknadsår
1	Friluftsanlegg Fusanaset	Fusa	Bergen og omland friluftsråd	ny
2	Skaterampe Opsalmarka	Fusa	Opsalmarka vel	ny

Utbetalingsplan for kommunale tilskot til private utbyggingsoppgåver, og oversyn over kommunale løyvingar til kommunale prosjekt vert teke til orientering.

17.12.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KOM-055/15 VEDTAK:

Fusa kommune vil prioritera søknader om spelemidler slik for 2016:

Ordinære idrettsanlegg

Prioritet	Anleggtype	Stad	Søkjar	Søknadsår
1	Ombygging av rulleskibane	Holdhus	Fusa kommune	4.
2	Krøllgras med lys 11-bane	Eikelandsosen	Eikelandsfjorden IL	3.
3	Idrettshall - hovudbygg	Eikelandsosen	Fusa kommune	ny
4	Idrettshall-styrketreningsrom	Eikelandsosen	Fusa kommune	ny
5	Idrettshall-sosialt rom	Eikelandsosen	Fusa kommune	ny
6	Krøllgras med lys 7-ar	Holmefjord	Ådlandsfjorden IL	ny
7	Ridebane	Strandvik	Fusa hestesportlag	ny

Nærmiljøanlegg:

Prioritet	Anleggtype	Stad	Søkjar	Søknadsår
1	Friluftsanlegg Fusanaset	Fusa	Bergen og omland friluftsråd	ny
2	Skaterampe Opsalmarka	Fusa	Opsalmarka vel	ny

Utbetalingsplan for kommunale tilskot til private utbyggingsoppgåver, og oversyn over kommunale løyvingar til kommunale prosjekt vert teke til orientering.

.....

056/15: HANDLINGSPLAN FUSA KOMMUNE. ØKONOMIPLAN 2016 - 2019. ÅRSBUDSJETT 2016 MED AVGIFTSBUDSJETT.

Tilråding frå formannskapet 25.11.15

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2016 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2016 – 2019.

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

- a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2015/2016) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.
- b)
 1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2016 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.
 2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.
 3. Fritak som skal gis i 2016 medhald av eigedomsskattelova § 7:
 - a. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage og Vinnes Friskule.
 - b. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.
 - c. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2016. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.
 - d. Eigedomsskatt – ordninga med fritak for nye bustader heimla i eigedomsskattelova §7 c) vert avvikla:.

Frå og med 2016 skal det betalast eigedomsskatt for alle bustadhus også dei som tidlegare årleg har vorte friteke. Jf. at fritaket vert gjort pr kalenderår i det årlege budsjettvedtaket.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2016

a)

NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - 2016

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

Løyving til kontrollutvalet var i 2015 kr 746.000,- inkludert mva.utgifter. For 2016 er ramma vidareført med prisjustering. Frå 2016 er inntekt mva. lagt inn i driftsramma.

Nettotalet for kontrollutval og revisjon vert difor lågare enn i fjor. Nettoramma 2016 vert kr 669.000,-.

I høve til budsjettnotatet frå rådmannen er følgjande endringar innarbeidd:

Følgjande tiltak vert teke ut:

Punkt 4 bokstav B. Fritidsklubben:	kr 56.000,-
Punkt 4 bokstav E. Dagsenter for eldre:	kr 280.000,-
Punkt 4 bokstav F. Dagsenter psykisk helse:	kr 61.000,-
Punkt 6 bokstav A. Transport julegudsteneste:	kr 40.000,-
Frivillighetssentralen, auka ramme:	kr 40.000,-
Tilsaman:	kr 477.000,-

Inndekning:

Auka egedomsskatt som følgje av nybygg:	kr 280.000,-
Reduserte rentekostnader:	kr 197.000,-
Tilsaman	kr 477.000,-

Kommunestyret ber rådmannen om ei sak vedr innkjøp.

Kommunestyret har ei målsetting om å redusera sjukefråværet i Fusa Kommune til 7%

Kommunestyret ber rådmannen koma med ei egedomsmelding til første møterunde 2016 der ein drøfta eigarstrukturen til Fusa Kommune.

a) NETTO DRIFTSRAMMER 2016-2019

Netto driftsrammer for einingane budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019					
Einingar		Nettorammer			
(alle tal i heile 1 000 kr)		2016	2017	2018	2019
1	Samfunnsutvikling, økonomi og service*	35 009	35 244	34 878	34 852
2	Barnehage	22 931	22 599	22 011	21 539
3	Undervisning	56 192	54 733	53 401	51 115
4	Helse, familie og velferd	21 550	21 480	21 480	21 480
5	Pleie og omsorg	80 943	80 315	80 180	80 155
7	Teknisk drift	4 665	3 853	3 543	3 109
8	Bjørnefjorden landbrukskontor	1 443	1 443	1 443	1 443
SUM NETTO DRIFTSRAMMER		222 734	219 668	216 937	213 694

* DRIFTSTILSKOT frå eining 1	2016	2017	2018	2019
Fusa sokneråd m.m.	3 555	3 555	3 555	3 555
Fusa frivilligsentral	251	251	251	251

Skildring	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-89 922	-97 652	-98 479	-98 479	-98 479	-98 479
Ordinært rammetilskot	-124 450	-121 525	-129 064	-129 409	-129 367	-129 321
Skatt på eigedom	-11 210	-13 150	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230
Andre direkte eller indirekte skattar	-507	0	0	0	0	0
Andre generelle statstilskot	-3 183	-4 245	-10 830	-10 830	-10 830	-10 830
Sum frie disponible inntekter	-229 272	-236 572	-252 603	-252 948	-252 906	-252 860
Renteinntekter og utbyte	-2 215	-1 400	-100	-100	-100	-100
Gevinst på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter provisjonar og andre finansutgifter	5 411	6 433	5 746	6 627	7 522	7 701
Tap på finansielle instrument	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	9 290	7 850	10 081	11 575	13 094	13 398
Netto finansinntekter/-utgifter	12 486	12 883	15 727	18 102	20 516	20 999
Dekning av tidl. års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	1 395	0	0	0
Til bundne avsetningar	1 496	27	663	663	663	663
Til ubundne avsetningar	0	0	441	2 470	2 745	5 459
Bruk av tidl. års rekneskapsmess mindreforbruk	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	-4 825	-980	-403	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	-760	-600	0	0	0	0
Netto avsetningar	-4 089	-1 553	2 096	3 133	3 408	6 122
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	843	843	843	843
Til fordeling drift	-220 875	-225 242	-233 936	-230 870	-228 139	-224 897
Sum fordelt til drift	222 270	225 242	233 936	230 870	228 139	224 897
Meirforbruk/mindreforbruk	1 395	0	0	0	0	0

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2016

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke slik det går fram av rådmannen sitt budsjett notat. Rådmannen sitt framlegg om å avvikla ordninga med fritak for eigedomsskatt for nye bustadhus er også innarbeidd: Eigedomsskatt – ordninga med fritak for nye bustader heimla i eigedomsskattelova §7 c) vert avvikla:. Frå og med 2016 skal det betalast eigedomsskatt for alle bustadhus også dei som tidlegare årleg har vorte friteke. Jf. at fritaket vert gjort pr kalenderår i det årlege budsjettvedtaket.

Sjå vedlagde framlegg til kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr 2016 – for utlegging til offentleg ettersyn før handsaming i kommunestyret:

V. INVESTERINGSPROGRAM 2016– 2019 (Heile 1000 kr Tala i øk.plan.perioden er «2016-kroner». Raude tal er nye tal i høve til førre økonomiplanperiode)

I høve til budsjettnotatet frå rådmannen er følgjande endring innarbeidd:
Teksten på tiltak nr 182 vert endra til investering barneskulebygg.

Nr.	Prosjekt	Forhistorie			Økonomiplanperioden 2016-19			
		2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
	Sjølvfinansierte tiltak							
20	Hovudplan avlaup, eks mva	580	2 460	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
30	Hovudplan vatn, eks mva	2 120	2 200	4 500	3 000	2 000	1 000	1 000
403	Utleigebustad – jf. bustadsos. plan tiltak 9.2				3 000			
405	Utleigebustader – flyktningar		500	3 000	11 500			
	Tiltak for å effektivisera/vidareføra drifta							
50	Helse og omsorg – div. utstyr	400	400	400	400	400	400	400
51	Heimetenester – Hellemyra – opprusting			300				
52	Eikelandsosen helsesenter – strakstiltak			200	600			
70	Trafikksikring vegar	600	500	1 000	500	500	500	500
80	Opprusting vegar jf. hovudplan	1 820	500	1 800	1 000	1 000	1 000	1 000
90	Adr. og vegskilting Hålandsd./søre Fusa	100		100				
100	E-kommune – digitale tenester	2 900	2 500	4 000	4 000	3 500	3 500	3 500
101	Elektronisk arkiv	1 000	750					
102	Telefonsentral/-system Fusa kommune (inkl. FBBS)				500			
103	Meldingsløftet – samhandlingsreforma	360						
110	Læremiddel og IKT skule/barnehage	300	600	600	600	600	600	600
120	Digitalisering av kart (tidl kartl. geodata)	100			300			
130	Leikeplassar/uteområde skule/bhg	150	150	150	150	150	150	150
131	Nytt vognrom Jettegryto			150				
132	Trollskogen – ombygging			150				
133	Søre Fusa barnehage – tilrettelegging			150				
134	Søre Fusa oppvekstsenter – universell utforming skule					200		
150	Fusa ungd.skule – universell utforming	4 250						
161	Nore Fusa oppv.senter – bhg + skule	6 000	6 250	900				
162	Prosjekt skular	500						
163	Strandvik oppvekstsenter – arb.plassar	1 000						
180	Komm.bygg tiltak etter kartlegging	500	1 500	2 500	5 000	4 000	3 000	3 000
181	Nye lærararb.plassar Fusa og E.sosen skular				2 500			
182	Barneskulebygg				5 500	30 000	27 000	
183	Rehabilitering Fusa ungdomsskule				500	15 000	29 500	15000
191	Musikkbinge – flytta til 192 skatepark		0					
192	Skatepark – inn i staden for 191		450					
200	Tiltak/oppgr. bygg/anlegg kyrkjesektor	400	450	750	450	450	450	450
201	Kommuneplan arealdel	1 000	1 000	1 200				
202	Opprusting av skulebibliotek	350	200	200	200	200	0	
203	Kommunedelplan akvakultur				300			
400	Bustadsos. plan – forprosjekt tiltak 4.1 og 5.1	450	500	2 800	0			
	Større investeringar og/eller eingongstiltak							
33	Søre Fusa – ny snuplass – reg.plan	250				1 000		
212	Innbinding av møtebøker	300	300					
220	Områdeplan Eikelandsosen (tidl. 220b)	150	200	100				
224	Forprosjekt kulturhus (tidl. 220a)			100				
225	Industriomr. Heiane – oppfølging arealplan				500			
228	Bustadfelt Helland – oppfølging arealplan				500			
Nr.	Prosjekt	Forhistorie			Økonomiplanperioden 2016-19			
		2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
230	Forprosjekt vidareutvikling Leiro – utb. m.m. – sjå unytta lånemidlar			500	500			

240	Fleirbrukshall/idrettshall		0	18 000	34 500	21 000		
241	Rehabilitering symjehall	500						
245	Kunstgrasbane			6 453				
260	Brannutstyr, vaktbil, ny brannbil Venjanaset	2 000	550					
261	Tilbygg brannstasjon			0	2 000	1 800		
270	Ombygging deler av FBBS til omsorgsbust.	5 000	7 300	800	1 900			
275	Rassikring på Skåte	100						
280	Naudaggregat FBBS	500						
285	Ei-bilar og ladepunkt – PLO				700			
998	Startlån	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
999	RV 48 Tunnel ytre Tysse, utlån/forsk.	5 000						
999	KLP egenkapitalinnskot		500	500	850	850	850	850
Samla investering eks. startlån		43 680	34 760	57 303	82 450	83 650	68 950	27450
	MVA-grunnlag (investering inkl. mva)			46 303	77 150	79 350	65 650	24150
	MVA-kompensasjon	4 960	5 000	9 261	15 430	15 870	13 130	4 830
	Statstilskot kunstgras			2 151				
	Tilskot Hordaland fylkeskommune idrettshall				0	2 000		
	Spelemidler idrettshall				0	11 200		
	Ekstern finansiering/tilskot kunstgras			3 181				
	Ekstern finansiering/tilskot idrettshall			18 350				
	Tilskot frå Husbanken 40 % – prosj. 403					960		
	Tilskot frå Husb. – flyktningeb. prosjekt 405			1 600	4 400			
	Unyttå lånemidler – prosjekt 1 og 14b			1 750				
	Tilskot frå Statens kartverk – prosjekt 120				200			
	Statstilskot symjehall	0	2 700					
	Tilskot frå Husbanken prosjekt 141		90					
	Tilskot frå Husbanken prosjekt 270		3 690		3 310			
	Midlar til vedl.hald og rehab. av skular og oms.bygg – jf. framl. til statsbudsj. 2016				370			
	Sum kapitalbehov			36 293	66 450	53 620	55 820	22620
	Tilskot frå driftsbudsj. til EK-innskot KLP				850	850	850	850
	Unyttå lånemidler		2 000					
230	Unyttå lånemidler 2015 prosjekt 230				500			
	Unyttå lånemidler kto 29100006 – prosj. 90	100						
	Totalt låneopptak	38 620	21 280	21 010	65 100	52 770	54 970	21770
	Herav sjølvfinansierte lån	2 700	4 660	5 500	18 500	8 000	7 000	7 000
	Ikkje sjølvfinansierte lån	35 920	16 620	15 510	46 600	44 770	47 970	14770

KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSPROSJEKTA

Nr.	Prosjekt	Bestillar	Utførar
20	Hovudplan avlaup: Utbygging i samsvar med prioritering i hovudplan avlaup. Ny slamavskiljar Helland er første prosjekt, deretter oppstart leidningsanlegg Koldal. Rehabilitering leidningsanlegg i samband med bygging av fleirbrukshall.	Teknisk drift	Teknisk drift
30	Hovudplan vatn: Utbygging i samsvar med prioritering i hovudplan vatn. Klausulering vassskjelde Helland er prioritert først. Deretter planlegging og oppstart bygging av ringleidning over Koldal. Rehabilitering leidningsanlegg i samband med bygging av fleirbrukshall. Oppgradering av Eikelandsosen vassverk sitt reinseanlegg på Helland 2016/2017 (jf. Tiltaksplan til Kommune-ROS Fusa 2015 – prioritert tiltak 6).	Teknisk drift	Teknisk drift
33	Søre Fusa oppvekstsenter – ny snuplass bussar – reguleringsplan: Løyvinga går til ferdiggjering av reguleringsplanen for Baldersheim. Det pågår framleis drøfting med Kystverket.	Teknisk drift	Teknisk drift
50	Pleie- og omsorg og Helse, familie og velferd – diverse utstyr: Innbu og utstyr FBBS, innreiing avlastingsbustad Hellemyra, programvare.	PLO + HFV	PLO + HFV
51	Div. opprusting Hellemyra: Golvbelegg, skada innvendige veggjar, ein omsorgsbustad til avlasting, laga personalgarderobe, påbygg av eit ekstra soverom.	PLO	Teknisk drift
52	Eikelandsosen helsesenter: Utbygging for å sikra universell utforming knytt til venterom, toalett, inngangsparti, pasientluke.	HFV – Lege	Teknisk drift
70	Trafikksikring: Skal brukast til tiltak i samsvar med trafikksikringsplanen.	Teknisk drift	Teknisk drift
80	Opprusting vegar jf. hovudplan: Prioritering av tiltak vert lagt fram som eiga sak til politisk handsaming.	Teknisk drift	Teknisk drift
90	Adresse og vegskilting Hålandsdalen og søre del av Fusa: Fullføra adresseringsprosjektet. Adressering og merking er viktig for utrykkingsetatane i akutte nødsituasjonar. Avsette midlar frå tidl. år.	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO + Teknisk drift
100	E-kommune – digitale tenester: Fusa kommune er ein stor brukar av digitale verktøy i alle ledd av organisasjonen. Heile drifta er avhengig av at digitale verktøy er driftssikre og tenlege. Framtidige gode tenester er også avhengige av gode IT-verktøy både når det gjeld teknologi og programvare. Fusa kommune er i ferd med å henta inn etterslep på teknologi/nettverk. Det er sett i gang eit eige IT-prosjekt for å gjennomføra dette arbeidet i 2016-2017. Etablering av heilelektronisk arkiv og vidareutvikling av digitale publikumstenester er lagt inn i prosjektet i tillegg til midlar til nødvendig teknisk utstyr. Oppgradering av fagsystem PLO er òg inkl.	SaØkSe	SaØkSe
102	Telefonsentral/telefonisystem Fusa kommune: Telefonsentralen til Fusa kommune er utdatert. Som eit minimum treng ein felles sentralbord for Kommunetunet, kontora i Fjord'n senter og på Fusa bu- og behandlingssenter (FBBS). Ny funksjonalitet vil gje betre tenester til publikum. Krav til eit nytt telefonisystem/sentralbord må sjåast i saman-heng med bemanning og publikumsservice frå ekspedisjonen.	SaØkSe	SaØkSe
110	Læremiddel og IKT skule/barnehage: Rammeplan for barnehagar og Kunnskapsløftet for skulane set krav til at barn og elevar skal nytta IKT-verktøy i læringa si.	Barnehage + Undervisning	Barnehage + Undervisning

	Barnehagar og skular treng ressursar til innkjøp av digitale hjelpemiddel for å gjennomføra opplæring etter gjeldande forskrifter.		
120	Digitalisering av kart: Digitalisering av reguleringsplanar – digitalt planregister.	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO
130	Leikeplassar – uteområde barnehagar/skular: Desse midlane skal nyttast til opprusting av kommunale leikeplassar ved skule/barnehage. I 2016 må ein del av midlane nyttast til å leiga inn kompetanse for å få leikeplassane godkjent.	Barnehage + Undervisning	Barnehage + Under- visning
134	Universell utforming Søre Fusa oppv. – skulen: Tilrettelegging for funksjonshemma elev.	Under-visning	Underv. + Tekn. drift
180	Oppgradering kommunale bygg etter utgreiing: Tiltak i samsvar med vedlikehaldsplanen, m.a.: - FBBS: Ny heis - FBBS: Utbetring kontorlokale fysioterapitenesta etter vernerunde (støy/trekk/innetemperatur) - FBBS: Asfaltdekke ved rømmingsveg - Holdhus oppvekstsenter: Sikringsarbeid tak - Baldersheim helsetun: Rehabilitering husvære	PLO, HFV, Undervisning, Barnehage	Teknisk drift
181	Nye arbeidsplassar for lærarar Fusa skule og Eikelandsosen skule: Kostnadsoverslag er basert på kjøp av modulbygg til skulane. Jf. trinn 1 i strukturendring skule.	Undervisning	Teknisk drift
182	Barneskulebygg: Strukturendring skule, jf. Agenda-rapporten. Investering først etter nærare utgreiing.	Undervisning	Teknisk drift
183	Rehabilitering Fusa ungdomsskule: Tiltaket gjeld totalreovering av noverande bygningsmasse ved ungdomsskulen. Det er sett opp midlar til forprosjekt i 2016 for å kunna sjå dette i samanheng med utbygging på Eikelandsosen skule. Det kan då sjåast på evt sambruk av lokale, t.d. felles skulekjøkken m.m.	Undervisning	Teknisk drift
200	Tiltak/oppgradering bygg/anlegg kyrkjesektor: Kommunalt tilskot, eks. mva.	Fusa sokn	Fusa sokn
202	Opprusting av skulebibliotek: Vidareføra oppbygginga av skulebibliotek til alle skulane.	Undervisning	SaØkSe – Kultur
203	Kommunedelplan akvakultur: Akvakultur vart teke ut av arealdelen til kommuneplanen før eigen-godkjenninga med vedtak om at det skal lagast eigen kommunedelplan for temaet (jf. K-sak 38/15). I tillegg til eigne ressursar må det kjøpast inn spesialkompetanse. Eiga sak om oppstart kjem våren 2016.	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO
212	Innbinding av møtebøker: Arbeidet vert fullført med midlar løyvd i 2014.	SaØkSe	SaØkSe – Arkiv
220	Områdeplan Eikelandsosen: Det er i dag fleire reguleringsplanar som omfattar Eikelandsosen sentrum, og det har ikkje blitt gjort ei endeleg vurdering av kva område det er føremålstenleg å ta med i ein områdeplan. Det må leggjast fram sak som avklarar dette. Det er viktig for vidare utvikling av sentrum å ferdigstilla arbeidet med områdeplan for Eikelandsosen. Må sjåast i samanheng med prosjekt 230.	SaØkSe	SaØkSe – PBO
225	Industriområde Heiane – oppfølging arealplan: I den nye arealplanen er det teke inn utviding av industriområdet på Eikelandsheiane. Kommunen har for tida ikkje ledig industriareal. Det er difor svært viktig å koma i gang med regulering av deler av det området som er vist i arealplanen.	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO
228	Bustadfelt Helland – oppfølging arealplan: Det er svært få ledige bustadtomter i Eikelandsosen, og i arealplanen er det difor prioritert eit nytt bustadområde på Helland (Lundervik). Det kan veljast ulike løysingar, frå at private interesser tek seg av utvikling av området heilt fram til ferdige	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO

	tomter/bustadar, til at Fusa kommune står for reguleringsplanarbeid, utbygging og sal. Rådmann er gift med eigar av området og såleis ugild. Med utgangspunkt i politiske diskusjonar i arbeidet med arealplanen vert dette sett opp som investeringstiltak. Det må snarast lagast sak som avklarar rådmannen sin habilitet og korleis Fusa kommune skal syta for å få realisert nytt bustadområde. Kva investeringsbehov det reelt vil bli, vert avdekket i den politiske prosessen vedr. val av utbyggingsform.		
230	Vidareutvikling av Eikelandsosen sentrum: Med utviding av Fjord'n senter på Leiro og bygging av fleire bustadar på Neset, er store deler av gjeldande reguleringsplanar gjennomført. Heile området treng ei oppgradering m.a. på grunn av krav om tilrettelagde leikeområde når det kjem fleire bustadar. Det er også trong for ein gjennomgang av kva estetiske og funksjonelle kvalitetar ein skal leggja ned i viktige sentrumsområde. Må sjåast i samanheng med områdeplan Eikelandsosen – prosjekt 220.	SaØkSe – PBO	SaØkSe – PBO + Teknisk drift
240	Fleirbrukshall/idrettshall: Bygging av fleirbrukshall, jf. vedtak i k-sak 027/14. Totalkostnad: kr 73,5 mill inkl. mva. Omlegging av VA er trekt ut og ført med kr 500 000 i hovudplan avløy (prosjekt nr 020) og kr 500 000 i hovudplan vatn (prosjekt nr 030). Prosjektet tek opp i seg omlegging av Stallabrotvegen og anna teknisk infrastruktur i området.	SaØkSe – Kultur	Teknisk drift
261	Tilbygg til brannstasjonen: Ny kunnskap om stor kreftfare for brannmannskap krev bygnings-messige endringar for å leggja til rette for å redusera denne risikoen. Det må etablerast reine og skitne soner. Det må etablerast nye garderober for alt mannskap – klede kan ikkje lenger hengja i vognhall. Det må på plass vaskeom med vaskemaskiner for utryknings-bekledning og utstyr. Det må etablerast tørkerom. Alt dette er tiltak som ligg i arbeidstilsynet sitt regelverk. Ny feieforskrift er rett rundt hjørnet. Denne vil krevja ein ekstra feiar. Det må leggjast til rette for garderebeforhold til to feiarar. Det vert etablert ein ny garasje for å få bilparken under tak – i den vert det også etablert vaskeplass for bilar og grovare utstyr.	Teknisk drift – Brann /redning	Teknisk drift
270	Ombygging FBBS: To fløyar på FBBS med enkeltrom og dobbeltrom vert bygd om til 10 omsorgsbustadar og to pasientrom (oppgraderte korttidsplassar med nye bad). Kostnadane er dels baserte på erfaringstal frå Eikhovda-heimen med seinare oppdatering. Det er lagt til grunn at prosjektet får tilskot frå Husbanken. Prosjektering og innhenting av anbod er gjennomført i 2015. Arbeidet skal utførast første halvår 2016.	PLO	Teknisk drift
285	Bilar Pleie og omsorg/heimetenester: To el-bilar til heimetenesta med ladepunkt (inkl. mva).	PLO	PLO
400	Tiltak bustadsosial plan – forprosjekt: Gjeld tiltak 5.1: Brakabygda 27 og tiltak 4.1: Bjellandsvegen 8-10 (bufelleskap Neset 1 og Torsneset).	HFV, PLO	Teknisk drift
403	Utleigebustad – tiltak bustadsosial plan: Tiltak 9.2: Kjøpa eller byggja robust utleigebustad i gangavstand til Eikelandsosen sentrum. 40 % tilskot frå Husbanken.	HFV	Teknisk drift
405	Utleigebustadar flyktningar – bustadsosial plan: Bygging av fire utleigebustadar og kjøp av eitt husvære i sentrum av Eikelandsosen i samband med mottak av flyktningar. Finansieringsordning gjennom Husbanken gjev opp til 40 % tilskot.	HFV	Teknisk drift
998	Startlån: Kommunestyret har gjort vedtak om å ta i bruk ordninga med startlån. Dette er eit formidlingslån, der Fusa kommune låner	HFV	

	vidare ut innlånte midlar frå Husbanken. Låneopptaket inneber ei forskottering av renter og avdrag, og ein tapsrisiko.		
999	KLP eigenkapitalinnskot I følgje regelverket skal desse kostnadane finansierast med driftsmidlar.	SaØkSe – Øk.	SaØkSe – Øk.

VI. ØKONOMIPLAN 2016 – 2019 (Heile 1000 kr)

Ein tek utgangspunkt i 3,5% avdrag av netto lånegjeld og rente på 2,1 %, jf. rådmannen sitt budsjettsnotat. Følgjande økonomiplan vert vedteken:

Alle tal i heile 1 000 kroner	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Øk.plan 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019
DRIFTSINNTEKTER						
Brukarbetalingar	-11 078	-11 342	-12 352	-12 352	-12 352	-12 352
Andre sals- og leigeinntekter	-14 845	-15 719	-18 584	-18 800	-18 800	-18 800
Overføringar med krav til motyting	-40 212	-27 284	-27 807	-28 112	-27 977	-27 963
Rammetilskot	-124 450	-121 525	-129 064	-129 409	-129 367	-129 321
Andre statlege overføringar	-3 183	-4 245	-10 830	-10 830	-10 830	-10 830
Andre overføringar	-1 162	-500	-100	-100	-100	-100
Skatt på inntekt og formue	-89 922	-97 652	-98 479	-98 479	-98 479	-98 479
Eigedomsskatt	-11 210	-13 150	-14 230	-14 230	-14 230	-14 230
Andre direkte og indirekte skattar	-507	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter (B)	-296 570	-291 417	-311 445	-312 312	-312 135	-312 075
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	172 669	168 815	184 278	182 323	180 007	177 215
Sosiale utgifter	47 768	52 840	51 527	50 987	50 360	49 589
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. tenesteprod.	40 021	39 026	38 192	38 212	38 336	38 620
Kjøp av varer og tenester som erstattar komm. tenesteprod.	14 653	10 495	8 685	8 585	8 585	8 585
Overføringar	20 398	15 421	14 369	14 399	14 352	14 375
Avskrivningar	12 641	0	0	0	0	0
Fordelte utgifter	-5 944	-6 510	-4 272	-4 272	-4 272	-4 272
Sum driftsutgifter (C)	302 205	280 087	292 779	290 234	387 368	284 112
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	5 636	-11 330	-18 666	-22 078	-24 767	-27 964
EKSTERNE FINANSINNTEKTER						
Renteinntekter, utbyte og eigaruttak	-2 215	-1 400	-100	-100	-100	-100
Mottekne avdrag på utlån	-53	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter (E)	-2 268	-1 400	-100	-100	-100	-100
EKSTERNE FINANSUTGIFTER						
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	5 411	6 433	5 746	6 627	7 522	7 701
Avdrag på lån	9 290	7 850	10 081	11 575	13 094	13 398
Utlån	55	0	0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter (F)	14 756	14 283	15 827	18 202	20 616	21 099
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	12 488	12 883	15 727	18 102	20 516	20 999
Motpost avskrivningar	-12 641	0	0	0	0	0
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	5 483	1 553	-2 939	-3 976	-4 251	-6 965
BRUK AV AVSETNINGAR						
Bruk av disposisjonsfond	-4 825	-980	-403	0	0	0
Bruk av bundne fond	-760	-600	0	0	0	0
Sum bruk av avsetningar (J)	-5 584	-1 580	-403	0	0	0
AVSETNINGAR						
Overført til investeringsrekneskap	0	0	843	843	843	843
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	1 395	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	441	2 470	2 745	5 459
Avsetningar til bundne fond	1 496	27	663	663	663	663
Sum avsetningar (K)	1 496	27	3 342	3 976	4 251	6 965
REKNESKAPSMESSIG MEIR- /MINDREFORBRUK (L= I+J-K)	1 395	0	0	0	0	0

17.12.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Svar frå rådmannen av 15.12.15 og 16.12.15 -på spørsmål frå Sp og H - var lagra ut via iPad og vart delt i ut i møtet .

Det vart vist til notat av 16.12.15 der rådmannen beklagar summeringsfeil og ba om at dette vart retta i det endelege budsjettvedtaket. Kommunestyret tok det til etterretning.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, opplyste at det ikkje var kome inn fleire uttaler etter at budsjettsaka har vore utlagt til ettersyn

Rådmannen orienterte om å nytta overskot av steinmassar frå fleirbrukshallprosjektet og vegar til utbygging av gjestehavn i Eikelandssosen. Kommunestyret tok informasjonen til etterretning.

På vegne av Høgre, Senterpartiet og uavhengig fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande forslag:

Pkt 9:

Kommunestyret ber rådmann ta inn igjen investeringstilskot til idrettsanlegg og driftstilskotet til private idrettsanlegg kr 200.

Under endring i driftsrammene 2016 tar inn tiltak 4 E eldre 280

Økonomiplanen vert justert tilsvarende.

På vegne av Høgre, Senterpartiet og uavhengig fremja Aud – May Boge, H, følgjande forslag:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/
AVGIFTSBUDSJETT 2016 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2016 –
2019.

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å føreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å føreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving løn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTLEGGINGA

a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2015/2016) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b)

1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2016 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.

2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.

3. Fritak som skal gis i 2016 medhald av eigedomsskattelova § 7: a. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage og Vinnes Friskule.

b. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.

c. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigedommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2016. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyre eller vert endra frå opprinneleg formål.

d. Eigedomsskatt – ordninga med fritak for nye bustader heimla i eigedomsskattelova §7 c) vert redusert til 5 fem år.

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2016

a) NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - 2016

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen: Løyving til kontrollutvalet var i 2015 kr 746.000,- inkludert mva.utgifter. For 2016 er ramma vidareført med prisjustering. Frå 2016 er inntekt mva. lagt inn i driftsramma. Nettotalet for kontrollutval og revisjon vert difor lågare enn i fjor. Nettoramma 2016 vert kr 669.000,-.

Det er teke utgangspunkt i 3,5% avdrag av netto lånegjeld og rente på 2,1%

I høve til notatet frå rådmann er det gjort følgjande endring:

1).Kommunestyret ber rådmannen gjera grep i henhold til innkjøpsrapport, slik at innsparing blir årleg kr. 500 gjennom økonomiplanen.

2). Kommunestyret ber rådmann oppretta kommune psykolog stilling i 2016.

3). Kommunestyret ber rådmann om å oppretthalda driftstilskotet fysioterapi (tiltak 4H).

4). Kommunestyret ber rådmann laga ei eiga sak på rullering av kjerneområde for landbruk. Kommunen skal i 2016 ta tak i gåseforvaltinga pga aukande beitepress.

5). Kommunestyret ber rådmann sette ned ei gruppe beståande av representantar frå administrasjon, formannskap, Fusa utviklingsselskap og evt andre som skal arbeide fram ein strategi på næringsetablering og næringsutvikling.

6). Kommunestyret ber rådmann forlenga engasjementstillig som arealplanleggar med 1 eit år. Tal årsverk på plan og byggesak vert ikkje auka.

7). Kommunestyret ber rådmann redusere lønnskostnad Samfunnsutvikling, økonomi og service med kr. 500 i 2016 og kr. 1000 i 2017.

8). Kommunestyret ber rådmann inngå leigeavtaler med privatskuleeiere.

9). Kommunestyret ber rådmann ta inn igjen investeringstilskotet til idrettsanlegg og driftstilskotet til private idrettsanlegg.

Auke i inntektene i 2016:

Auke eigedomsskatt - nye bygg 2016	-280
Fritak eigedomsskatt nye bustader i 5 år	250

Endring i driftsrammene i 2016:

Område		2016	
1	Samfunnsutv. økonomi, serv	Tilbakefører pga ingen strukturendring skule og barnehage	0
2	Barnehage	Dagens barnehagestruktur vert oppretthalden	0
		tilbakefører adm stilling barnehage	0
3	Undervisning	Dagens skulestruktur vert oppretthalden - tilbakeføre rådmanns kutt	792
		Tilbakefører adm. stilling undervisning	
		opprettheld eksisterande SFO	76
		Kulturskulen pga ingen strukturendring	96
		PPT til undervisning	60
		Kyrkjetransport julegudsteneste	40
4	Helse, familie Velferd	Opprettheld fritidsklubben for spesielle grupper	56
		Dagsenter psykisk helse - reduserer ikkje tilbodet med ein dag	61
		Reduserer ikkje driftstilskot til rehabilitering/fysioterapi	100
5	Pleie og omsorg	Dagsenter eldre	280
7	Teknisk	Ingen endring skulestruktur	426
	Frillig sektor	Tilskot til inv i private idrettsanlegg vert oppretthalde	100
		Driftstilskot til private idrettsanlegg vert oppretthalde	100

Framlegg til Driftsrammer for einingane 2016 (alle tal i heile 1000 kr)		
Einingar + ansvarsområde 15	Nettorammer 2016	Kommentar
1 Samfunnsutvikling økonomi og service	30 847	Øke idrett 200 + red. til kgr. 2
15 Fusa sokneråd	3 555	
Fusa frivillighetssentral	211	
2 Barnehage	22 931	
3 Undervisning	57 216	
4 Helse, Familie og velferd	21 706	
5 Pleie og omsorg	80 943	
7 Teknisk drift	5 091	
8 Bjørnefjorden landbrukskontor	1 443	
Leigeinntekt skulebygg	-100	
Reduksjon innkjøp	-500	
Sum Driftsinntekter	223 343	

Budsjett 2016 - Hovudoversikt			
(Alle tal i heile 1000)	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
DRIFTSINNEKTER			
Brukarbetalingar	-11 078	-11 342	-12 369
Andre sals og leieinntekter	-14 845	-15 719	-18 584
Overføringer med krav til motyting	-40 212	-27 284	-27 963
Rammetilskot	-124 450	-121 525	-129 064
Andre statlege overføringer	-3 183	-4 245	-10 830
Andre overføringer	-1 162	-500	-100
Skatt på inntekt of formue	-89 922	-97 652	-98 479
Eigedomsskatt	-11 210	-13 150	-13 950
Andre direkte og indirekte skattar	-507	0	0
Økning eigedomsskatt nye bygg			-280
Reduksjon 5 års fritak nye bustader			250
Sum Driftsinntekter	-296 569	-291 417	-311 369
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	172 669	168 815	185 461
Sosiale utgifter	47 768	52 840	51 475
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunens tjenesteprd	40 021	39 026	38 145
Reduserte innkjøpskostnader jmf. innkjøps-rapport			-500
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunens tjenesteprd	14 653	10 495	8 685
Overføringer	14 653	15 421	14 329
Avskrivinger	14 653	0	0
Fordelte utgifter	14 653	-6 510	-4 272
Tilbakeført reduksjonar: Kyrkjetransport, Driftstilskot fysioterapi og Idretten.			340
Sum Driftsutgifter	319 070	280 087	293 663
Brutto Driftsresultat	22 501	-11 330	-17 706
Eksterne Finansinntekter			
Renteinntekter, Utbytte,Eigaruttak	-2 215	-1 400	-100
Motteke avdrag på utlån	-53	0	0
Sum eksterne finansinntekter	-2 268	-1 400	-100
Eksterne Finansutgifter			
Renteutgifter, Provisjonar og andre finansutgifter	5 411	6 433	5 649
Avdrag på lån	9 290	7 850	9 591
Utlån	55	0	0
Sum eksterne finansieringstransaksjoner	14 756	14 283	15 240
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	12 488	12 883	15 140
Motpost avskrivningar	-12 641	0	0
Netto driftsresultat	22 348	1 553	-2 566
Bruk av avsetningar			
Bruk av disposisjonsfond	-4 825	-980	-403
Bruk av bundne fond	-760	-600	0
Sum bruk av avsetningar	-5 585	-1 580	-403
Avsetningar			
Overført til investeringsregnskap	0	0	843
Dekning av tidligare års meirforbruk	0	0	1 395
Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	68
Avsetningar til bundne fond	1 496	27	663
Sum avsetningar	1 496	27	2 969
Regnskapsmessig MEIR/MINDRE Forbruk	18 259	0	0

b) KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2016

Kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr vert vedteke slik det går fram av rådmannen sitt budsjett notat. Ordninga med fritak for eigedomsskatt for nye bustadhus vert redusert til 5 fem år.

Frå og med 2016 skal det betalast eigedomsskatt for alle bustadhus som er 5 fem år eller eldre.

Jf. at fritaket vert gjort pr kalenderår i det årlege budsjettvedtaket.

Sjå vedlagde framlegg til kommunale betalingssatsar, avgifter og gebyr 2016 – for utlegging til offentleg ettersyn før handsaming i kommunestyret:

V. FRAMLEGG TIL INVESTERINGSPROGRAM 2016 – 2019

(Alle tal i heile 1000 kroner. Tala i økonomiplanperioden er ”2016-kroner” . Raude tal er nye tal i høve til forslag frå rådmann).

Har tatt utgangspunkt i Rådmann sitt arbeidsnotat med fylgjande endringer:

- Prosjekt 182 : Investeringar til ny barneskule i Eikelandsosen, fell bort og blir erstatta med:
- Prosjekt 181 : Nye lærararbeidsplassar på Holdus- og Eikelandsosen skule. Kr. 2500
- Prosjekt 183 : Forprosjekt Fusa ungdomsskule nybygg/rehabilitering. Kr. 1000
- Prosjekt 228B : Reguleringsplan Bustadfelt Holmefjord BB2 – oppfølging arealplan. Kr. 500
- Prosjekt 242 : Forprosjekt tunell Sævareid – Eikelandsosen. Kr. 1000
- Prosjekt : Utbetring av Holsundvegen frå Tveitamarka industriområde – Samnøy. Kr. 2000

Nr	Tema	Investeringsbudsjett 2016, Økonomiplanperiode 2016-2019	Forhistorie			Budsjett	Økonomiplan 2016 - 2019			
			2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	
Sjølvsfinansierende tiltak										
20		Hovudplan avlaup, eks mva	580	2460	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
30		Hovudplan vatn, eks mva	2120	2200	4 500	3 000	2 000	1 000	1 000	
403		Utleigebustad – jf. bustadsos. plan tiltak 9.2				3 000				
405		Utleigebustader – flyktningar		500	3 000	11 500				
Tiltak for å effektivisera/vidareføra drifta										
50		Helse og omsorg – div. utstyr	400	400	400	400	400	400	400	
51		Heimetenester – Hellemyra – opprusting			300					
52		Eikelandsosen helsesenter – strakstiltak			200	600				
